



Voss kommune

Arkivsak-dok. 15/02745-1  
Saksbehandler Nils Helge Kvamme

Saksgang  
Utval for formannskap/plan og økonomi

Møtedato

## **UTBYGGING, TILSYN OG VEDLIKEHALD AV AKTIVITETSPARKEN**

### **Administrasjonen si innstilling:**

1. Voss kommune tar ansvar for utbygging, tilsyn og vedlikehald i det vidare arbeidet med etablering av ein aktivitetspark i tett samarbeid med foreininga Voss aktivitetspark. For å få realisert aktivitetselementa i parken, er det naudsynt med innsamla midlar frå foreininga.
2. Kostnadane ved ny landskapsform og opparbeiding av området må takast av Voss kommune etter prioritering i økonomiplan. Midlar til drift og vedlikehald må følgjast opp i takt med utbygginga.

### **Vedlegg:**

Skisseprosjekt\_Aktivitetsområde\_festivalplass\_prestegardslandet\_ØB.pdf

## **Samandrag av saka:**

I samband med vedtak av detaljreguleringsplan for Aktivitetspark og Festivalområde ved Prestegardslandet, er det naudsynt å avklara ansvar knytt til finansiering, opparbeiding, vedlikehald og drift av Aktivitetsparken. Det går på kven som har ansvaret for opparbeiding, drift og vedlikehald og korleis dette skal finansierast.

## **Fakta om saka:**

I saksutgreiinga (sak 73/15) for «Detaljreguleringsplan for aktivitetsområde – Festivalplass Prestegardslandet, Planid 20014004 – Offentleg ettersyn», vart det peika på at det vil bli fremja ei eiga sak for formannskap, plan og økonomiutvalet (FPL), der vidare samarbeid med Foreininga Voss Aktivitetspark om å få etablert aktivitetsparken, skulle vera tema. Her står det mellom anna:

### *Utvikling av området — utbygging og økonomiske konsekvensar for kommunen*

*Oppstart av arbeidet med strandsonen i 2010, var starten på eit arbeid for å få ei langsiktig utvikling av dette sentrumsnære friområdet. Arealet har ei gunstig plassering nært opp til skular, idrettsanlegg, kollektivtilbod, handlesenter og viktige offentlege tilbod. Områdeplanen såg på moglegheitene for aktivisering og oppgradering av området. Som ei oppfølging av områdeplanen er det utarbeidd;*

- illustrasjonsplan; utviding av leikeplassen ved Tinghuset, Bjørbekk&Lindheim 2012
- formingsretteleiar; utvikling av møteplassar og møblering, PerFinneDesign 2014
- detaljreguleringsplan for aktivitetsområde – festivalplass, under utarbeiding
- situasjonsplan for møteplass ved kulturhuset, under utarbeiding av eldrerådet

*Detaljreguleringsplan for aktivitetsområde – festivalplass Prestegardslandet, er eit av fleire tiltak i arbeidet med å vidareutvikle området. Foreininga Voss Aktivitetspark (tidlegare Prosjektgruppe Aktivitetspark) har tatt initiativ til etablering av ein aktivitetspark, og vore pådrivar for å få starta planarbeidet. Samtidig er oppgradering av festivalområdet ei viktig oppgåve som kommunen har sett behovet for i fleire år. Frå administrasjonen si side var det difor naturleg å sjå på ei samla løysing for begge desse områda.*

*Det er laga eit grovt kostnadsoverslag på ei samla utbygging av festival- og aktivitetsområdet, på i overkant av 20 millionar kr eks mva og eventuelle uføresette utgifter. Litt under halvparten utgjør ulike aktivitetselement, og litt meir enn halvparten omhandlar oppbygging av ny landskapsform, parkanlegg, amfi med brygge/baderampe. Det vil vere mogleg å skaffe ekstern finansiering til nye aktivitetselement i form av spelemidlar og midlar til nærmiljøanlegg. I tillegg vil Foreininga Voss Aktivitetspark halde fram med å arbeide aktivt for å søkje om midlar frå ulike organisasjonar og private verksemder. Ein godkjent detaljreguleringsplan vil gi eit godt grunnlag for å søkje om midlar. For at innhaldet i planen skal bli realisert, vil det truleg vere trong for kommunale investeringsmidlar og at tiltaket vert prioritert i kommunale budsjett. I utkast til økonomiplan 2016-2019 er det så langt ikkje lagt opp til å prioritere kommunale midlar til tiltak innan denne planen. Ein kan sjå føre seg gjennomføring ved etappevis utbygging over tid.*

## **Administrasjonen si vurdering:**

### **Utbygging, tilsyn og vedlikehald av aktivitetsparken**

I samband med detaljreguleringsplan for Aktivitetspark og Festivalområde ved Prestegardslandet, tvingar det seg fram nokre avklaringar om opparbeiding, drift og vedlikehald av Aktivitetsparken. Det fyrste som må avgjerast er kven som skal stå for utbygginga av parken. Dette kan slik administrasjonen ser det, løysast på to måtar. Kommunen kan sjølv stå for opparbeidinga, eller ein kan gjera avtale med andre om opparbeiding av område.

Dersom kommunen vel å la andre stå får opparbeidinga av aktivitetsparken må ein gi frå seg disposisjon over grunnen for minimum 30 år. Ettersom det mest truleg er avgjerande at parken vert delfinansiert med spelemidlar, vert dette eit naudsynt punkt. Foreininga Voss Aktivitetspark har vore delaktige i utforminga av detaljreguleringsplanen for området. Dei har vore med både når det gjeld det økonomiske og gjennom innspel til kva dei ynskjer av innhald i parken. Eit av punkta dei har vore opptekne av å få avklart, er ettersyn med anlegget og vedlikehald. Det kan verta vanskeleg at ei foreining samansett av eldsjeler skal opparbeida og drifta parken. Forsvinn eldsjelene kan dette føra til at det etter kvart ikkje vert gjennomført tilsyn med parken og at vedlikehaldet vert borte.


På bakgrunn av dette og erfaringar frå andre tiltak, vil det vera naturleg at kommunen står for utbygginga av området, i tett samarbeid med foreininga. Dette vil sjølvstøtt føra til kostnader for kommunen, men alle aktivitetselementa som er planlagt vil vera moglege å få til ved stor del av ekstern finansiering. Spelemidlar vil kunna stå for ein del, medan foreininga Voss aktivitetspark har moglegheit til å søkja støtte til tiltaka gjennom ulike ordningar. Det vil då vera viktig at foreininga Voss Aktivitetspark får på plass friske midlar som kan vera med å realisera aktivitetsparken. Saman med momskompensasjon vil dette kunna føra til at desse elementa vil verta rimeleg for kommunen å byggja ut. Den type element som er planlagt i aktivitetsparken er tilrettelagt for uorganisert aktivitet. Dette skil aktivitetsparken frå mange av dei andre idrettsanlegga på Voss. Det er element som har vore ynskt på Voss i mange år. Difor er det naturleg at Voss kommune styrer utviklinga av området. Området inngår også i eit svært viktig friområde i kommunen, nær sentrum, skular og idrettsanlegg, der ålmenta har store interesser. Dette tilseier at kommunen må ta ansvaret for utvikling og vedlikehald. I tillegg må det reknast med at området til tider vil stå under vatn grunna flaum, og vil krevje ekstra oppfølging. Difor er det viktig at anlegget vert planlagt med omsyn til dette.

Når det gjeld utbygging kan dette gjennomførast i etappar som vist på illustrasjon frå Østengen & Bergo. I planomtalen for aktivitetssområde – festivalplass Prestegardslandet er det skissert følgjande delprosjekt som kan inngå i ei etappevis utbygging av området:

- Forlenging av mur langs Prestegardslandet og utfylling i bakkant
- Infrastruktur på festivalområdet; vatn, avlaup, toalettanlegg, elektrisitet og fiber
- Køyretilkomst til festivalområdet; forsterka bærelag på køyretilkomst via aktivitetspark og strandveg, etablere areal med grasarmering for køyring inn i området. Samtidig vurdere masseutskifting for etablering av eit meir robust grasdekke med god drenering på heile festivalområdet
- Opparbeide parklandskap med dekke og grønne øyer

- Etablere amfi/avtrapping, rampe og brygge
- Møblering og lyssetjing
- Tiltak langs mur Prestegardslandet for å betre både tryggleik og kontakt mot vatnet
- Alle aktivitetselement som skateanlegg, trampolinelandskap, bocciabane, sandvolleyballbaner (oppgradering/tilrettelegging for islegging), sykkelløype, Tuftepark og skileikeanlegg m.m. kan etablerast som eigne delprosjekt

Det er naturleg å tenkja seg at fyrste steg i utbygginga er realisering av «pumtrack-bane» og Tuftepark. Dette kan gjennomførast utan utfylling av området og er dermed mogeleg å gjennomføra utan for store investeringar for kommunen.



For å få realisert ei vidare utbygging i området, må kommunen på banen med investeringsmidlar til utbygging av området i form av ny mur, utfylling, opparbeiding m.m. Dette er grunnlagsinvesteringar som kommunen må ta for å klargjere området for etablering av aktivitetselement som skateanlegg, trampolinar, sitteplassar og ny tilkomst til festivalområdet. Investeringsmidlar til dette må avklarast gjennom økonomiplanarbeidet.

Når det gjeld kostnader til drift og vedlikehald er det vanskeleg å forutsjå kor mykje det er snakk om. Det skal i hovudsak nyttast solide og vedlikehaldsfrie material til opparbeiding av aktivitetsparken, men det er likevel naudsynt med noko midlar til vedlikehald og tilsyn. I tillegg vil opparbeidinga av nytt parkareal føra til meir arbeid for dei som etterser området i dag. Ettersom det vert lagt opp til ei etappevis utbygging av området, er det naturleg med ei gradvis opptrapping av ressursane til vedlikehald og ettersyn av området. I økonomiplan 2016-2019 er det ikkje lagt opp til å prioritera kommunale midlar til tiltak i planen. Dersom ein ser for seg ei etappevis utbygging er det naturleg at dette vert innarbeidd i økonomiplanen og påfølgjande

budsjett etter kvart som utbygginga skrid framover. Dette må då fylgjast opp med tilsvarande midlar til vedlikehald og ettersyn.

### **Konklusjon**

Administrasjonen meiner at Voss kommune må ta ansvar for utbygging, tilsyn og vedlikehald i det vidare arbeidet med etablering av ein aktivitetspark i tett samarbeid med foreininga Voss aktivitetspark. For å få realisert aktivitetselementa i parken er det naudsynt med friske midlar frå foreininga. Det mest realistiske er å sjå for seg ein etappevis utvikling av området over mange år. Realisering av element som kan gjennomførast før opparbeiding av ny landskapsform kan starta opp allereie neste år.

For å få på plass ny landskapsform og opparbeiding av området må det takast med i økonomiplanen framover. I etterkant av etablering av aktivitetsparken må budsjettposten for drift og vedlikehald aukast. I innspel frå administrasjonen til økonomiplanen er det skissert 3.000.000,- årleg til investering i tillegg til naudsynt auka driftsbudsjett tilsvarande utbygginga.